

## Årsmelding Yngres 2022

Yngres er eit tilbud for dei som går i 5 klasse og oppover.

På dei vanlige yngresmøtene samlas me i peisestova på bedehuset annankvar sundag kl. 19:00 til ca 20:00.

Her har me alltid ein andakt og song med påfølgjande konkurranser og leker.

I tillegg har møteaktiviteten dette året bestått av:

Basarkveld, filmkveld, tacokveld, bingokveld, kahootkvelder med kos, sommeravslutning på Kvartnesholmen med pizza og brus/ og ulike aktiviteter på land og hav, fising på moloen, yngres med kveldsmat, høsttakkefest, bibelsmugling på Sørbo med pølser og kakao, temakveld bli kjent med bibelen og førjulsavslutning med graut på bedehuset.

I år har det vore mellom 30 – 45 ungar på møtene.

Ein gong i året reiser me på leir. Også dette året var me på Solgry (6 – 8. mai)  
47 ungar med ledere var med på leiren.

Me er taknemlege som får være ledere for denne fantastiske sprudlande og fine flokken med barn.

Takk til alle som sender ungane på yngresmøtene.